Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
04.05.2026	2026/6718
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møteprotokoll villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell 23. april 2026

Det vart halde vårmøte i Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell villreinnemnd på Lærdal hotell, Lærdal. Møtedag var torsdag 23. april 2026.

Frammøtte frå nemnda:
Trygve Skjerdal (Aurland), Per-Are Halstensgård (Ulvik), Linda Neset (Modalen), Morten Farestveit (Vaksdal), Turid Haga Vange (Vik), Morten Samskott (Voss), Sigmund Tveitehagen (Ål) og Gunhild Damstuen (Lærdal).

Forfall: Ane Guro Moen-Aamot (Hemsedal), Ragnhild Nestegard Tormodsgard (Hol) og Geir Helge Østerbø (Høyanger).

Vi ber medlemar i nemnda om å melde frå ved forfall slik at sekretariatet kan kalle inn varamedlem.

Frå villreinutvala møtte Harald Skjerdal - Nordfjella villreinutval.

Frå sekretariatet/Statsforvaltaren: Hermund Mjelstad (sekretær) og Siri W. Bøthun.

Sakliste

01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Godkjent.

02/26 Val av møteleiar.
Leiar Trygve Skjerdal vald som møteleiar.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen 114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no

03/26 Økonomi

Økonomistatus og budsjett teke til etterretning.
Budsjett for 2026 ser då slik ut:

Post	Budsjett 2026
Møtekostnadar inkl. godtgjersle	200 000
Reise	30 000
Tiidskrift,porto m.m.	5 000
Medlemskontingent Villreinrådet	3 300
Møtegodtgjersle for leiar og nestleiar	50 000
Totalt	**288 300**

04/26 Orienteringssaker

Leiar orienterte om nokre aktuelle saker

Revisjon Aurlandsvassdraget
Villreinnemnda og villreinutvalet sende felles uttale til revisjonen med spesielt fokus på Nyhellermagasinet og landbru over Vampen (Kongshellersundet). Både nemnd og utval meiner det er positivt og ein styrke for saka at vi har felles uttale.

Reetableringsprosjektet
Det har vore to møter om reetableringa, i Lærdal og i Ål. Det skal vere digitalt folkemøte om reetableringa 27.april kl. 18.00. Godt frammøte i Ål, noko mindre i Lærdal. Rapporten er overlevert til Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet og skal behandlast der.
Rapporten kan lesast her: Plan for reetablering av villrein i Nordfjella | Villrein

Tiltaksplan for Nordfjella
For tiltaksplanarbeidet er status at planen ligg til behandling i Klima- og miljødepartementet. Vi har ikkje fått informasjon om kor tid planen skal på høyring eller når den skal vedtakast.

Villreinrådet sine fagdagar
Fagdagane er i år i Eidfjord 3-4. mai. Påmeldingsfrist er 1. mai. Frå nemnda deltek truleg 2 personar, Morten Samskott og Linda Neset.
Program for samlinga: Program fagdag villrein 2026.pdf

Kommunikasjonsrådgjevar villrein
Statsforvaltaren i Vestland har tilsett i stillinga som er plassert i Aurland. Villreinnemnda vil invitere rådgjevaren til haustmøte i nemnda som er 21. oktober i Vik.

05/26 Møteplan 2026/27
Haustmøte i nemnda blir 21. oktober 2026 i Vik.

Vårmøte på Geilo 22. april 2027.

06/26 Forslag til fellingskvote for Raudafjell villreinområde.
Sekretær har motteke e-post 10. april med forslag om fellingskvote på 10 frie dyr frå Raudafjell villreinområde.

Vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 10 frie dyr til Raudafjell villreinområde for jaktåret 2026.

07/26 Forslag til fellingskvote for Fjellheimen villreinområde.
Sekretær har ikkje motteke forslag om fellingskvote frå Fjellheimen per 13. april. Blir ettersendt.
Villreinutvalet skriv i e-post 15. april (ettersendt til nemnda) eit forslag om kvote på 110 dyr, med ei fordeling på 30% bukk, 30 % simle/ungdyr og 40 % kalv.

Vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 110 dyr til Fjellheimen villreinområde for jaktåret 2026. Kvoten blir tildelt som 30 % bukk, 30 % simle/ungdyr og 40 % kalv.

08/26 Forslag til fellingskvote for Nordfjella villreinområde.
Sekretær har ikkje motteke forslag om fellingskvote frå Nordfjella per 13. april. Blir ettersendt.
I ettersendinga skriv utvalet at dei ønskjer ingen fellingskvote tildelt for 2026. Bakgrunnen er å kunne bygge opp stamma med tanke på reetableringa i sone 1.

Framlegg til vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ingen fellingskvote for 2026 på bakgrunn av utarbeidd bestandsplan og i samsvar med reetableringsprosessen for Nordfjella sone 1.

09/26 Innlegg om reetableringsprosjektet ved prosjektleiar Siri W. Bøthun
Siri Bøthun heldt eit grundig og engasjerande innlegg om reetableringsarbeidet konsentrert om den endelege rapporten som nyleg er overlevert Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

10/26 Orientering om andre viktige saker.
Revisjon Lærdalsvassdraget frist uttale er 25. mai.

11/26 Eventuelt
-Sigmund Tveitehagen (Ål) tok opp status for eit område i Hol kommune – Oddnak området, der kommunen vil ta ut området frå villreinområdet. Dette er eit utkantområde som har vore brukt som vinterbeite, men som dersom det blir for mykje trafikk her, køyring av skiløyper m.m, vil kunne føre til at området går ut av bruk. Undersøke om nemnda kan uttale seg her.

-Beiteplan for Voss kommune, nemnda undersøker om denne planen er eller har vore på høyring og om eventuelt nemnda kan uttale seg.

-Sekretariatet skriv notat til alle kommunane tilslutta Nordfjella villreinområde og peikar på medlemmane sin møteplikt ved møte i villreinnemnda. Kan ein ikkje møte skal varamedlem kallast inn.

Møteteknisk:
5 timar møte og 2 timar førebuing.
Satsene for møtegodtgjersle er i år kroner 791 for leiar og kroner 598 for medlem. Førebuing er kroner 598 for alle.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Nordfjella villreinutval	Fjordsenteret	5745	AURLAND
Fjellheimen villreinutval	Bjørgåsvegen 331	5707	EVANGER
Raudafjell villreinutval			